

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 18.06.2015

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GODKJENNING AV PLAN FOR SNUPLASS BYRKNES SKULE
- GBNR. 95/24, BØRTNES, BUSTADER OG SNUPLASS, BYRKNES - MINDRE REGULERINGSENDRING
- UTVIDA RAMMER OG LÅN FOR REGION NORDHORDLAND HELSEHUS IKS
- VASSREGION SOGN OG FJORDANE. FORSLAG TIL REVIDERT PROSJEKTPLAN OG FINANSIERING
- DRIFTSRAPPORT 1. TERTIAL 2015 MED REVIDERT ØKONOMIPLAN
- GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2014 FOR GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2014 FOR GULEN KOMMUNE
- FRAMLEGG FOR DELEGERING AV MYNDE OM MINDRE ENDRINGAR I AREALPLAN JF. § 11-17
- VURDERING AV MOGLEGE SAMARBEIDS-FORMER MELLOM KOMMUNEN OG PRIVATE AKTØRAR VEDK. UTBYGGING BUSTADEFELT
- TV-AKSJONEN 2015. REGNSKOGFONDET. OPPRETNING AV KOMMUNEKOMITE
- ÅRSMELDING 2014 FOR KONTROLLUTVALET I GULEN KOMMUNE
- KOMMUNESTRUKTURPROSESS I GULEN KOMMUNE. STATUS I ARBEIDET PR. JUNI 2015
- OVERORDNA PLAN FOR VASSFORSYNING GULEN - VURDERINGAR
- BUSETTING AV FLYKTNINGAR I GULEN KOMMUNE. BEHOV FOR AUKA SATSING INNAN BUSTADBYGGING
- FORELDREBETALING I BARNEHAGEN - ENDRINGAR PR. 01.05.2015
- UTBYGGING AV DALSYØYRA BARNEHAGE - AVDELING HOVDEN
- UTBYGGING AV BREKKE BARNEHAGE OG SKULE
- STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN 2015 - 2020
- FORSLAG OM ENDRINGAR I HELGEDAGSLOVA FOR Å TILLATE SØNDAGSOPNE BUTIKKAR. HØYRING


Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset kl. 10.00.
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Ordførar Hallvard Oppedal

Kjære alle saman

Sommaren er her, sjølv om vêret og temperaturen ikkje har vore mykje å skryte av så langt. Men «mai-kulde gjev bondens

lader fulle» heiter det, så då skulle det bli gode avlingar på fyrsteslåtten.



Vi har nettopp gjennomført fire folkemøte om kommunereforma. Før møta hadde eg møte med elevar på alle skulane, og dei var med på folkemøta og la fram kva som var viktig for dei. Flinke elevar med sterke og gode meiningar.

På bygdemøta var det godt oppmøte, og engasjerte innbyggjarar med gode diskusjonar rundt borda. Det var som venta litt ulikt fokus i dei forskjellige bygdene, men det å behalde tenestene og jobb-mogelegheit nær der ein bur er viktig for alle.

Tusen takk til alle for at de engasjerer dykk. Vi har fått mange gode tilbakemeldingar på kva som er viktig i det vidare arbeidet. Eg håpar det kjem innspel vidare i prosessen gjennom dei kanalane som vi har oppretta (sjå annonse annan stad i Infoposten).

Fredag den 17. juli kl 15.30 legg etter planen NRK sin Sommarbåt til kai på Skjerjehamn, og skal ha Sommaråpningssending på fjernsyn herifrå kl 21.30 - 22.30 same kveld. Dette vert ei storhending i sommar, og eg håpar at vi kan fylle kaia med folk denne dagen. Vi lyt komme tilbake med meir informasjon seinare, og tidspunktet kan det verte små justeringar på.

Alle som kan, må komme til Skjerjehamn slik at vi kan få vise heile landet at vi kan feire her i Gulen når det skjer noko. Avreise frå Gulen vert den 18. kl 07.00. Håpar at det er mange som også kan komme då sjølv om det er tidleg morgon.

Eg vil nytte høve til å ynskje dykk alle ein fin sommar, og eg håpar vêret vert minst like flott som i fjor.

Ordførar Hallvard Oppedal

TAKK

til dei 240 av dykk som deltok på
1. folkemøte om kommunereforma i Gulen
kommune.

Me er glade for at me har engasjerte
innbyggjarar i alle grendene våre. Referat
frå møta finn de på www.gulen.kommune.no
under Aktuelt/Kommunereform.

Hugs at me ynskjer å få innspel undervegs i
arbeidet med kommunereforma. Gjerne via
vår e-postadresse

kommunereform@gulen.kommune.no

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside

www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 12 arealplanar, blant anna
følgjande:

Reguleringsplanar

Planvurdering etter høyring:
2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna
Planforslag skal til 1. gongs høyring i HPU-
møte 12.06.2015
2014004 Mjømna bobil camp og Båtferie,
høyringsfrist 07.08.2015
2014005 Prestesundet Bustad, Eivindvik,
høyringsfrist 07.08.2015
2015001 Fryselagar Byrknes Kalvøyna,
høyringsfrist 07.08.2015

Pågåande planarbeid

2008001 Taskebotn hytter
2009005 Dingenaset sør hyttegrend
2011001 Storevågsneset, Brandanger
2013003 Gulen industrihamn, regulerings-
endring
2014002 Brandanger 75/1,3,5 spreidd bygg,
planoppstart med planprogram
2014006 Oppdrettsanlegg Ortneset, Brekke
med frist 13.07.2015

Planoppstart, førebuing varsel med planprogram pågår

2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua
Fv4

Mindre reguleringsendring

2002003 Ånneland, mindre endringar for
bustadfelt

Anna plan-nytt

Andre gongs handsaming regionale planar
for vassregion Nordhordland

Godkjenning av prosjektplan vassdrags-
forvaltning Ytre og Indre Sogn for 2016-
2021

Evaluering av planstrategi for Gulen med
forslag til planbehov vert handsama av
kommunestyre i møte 18.06.2015

Prosjekt-nytt

Forprosjekt symjehall Dalsøyra, orientering
om mogelege konsept for symjehall vart
gjort i møte 04.06.2015.

Plan for vurdering av alternativ for tiltak
snuplass Byrknes skule vert handsama av
kommunestyret 18.06.2015.

Utlysing – tilskot til veglys

I budsjett for 2015 har kommunen
sett av kr 50 000 i driftstilskot til
veglys i bygdene.



Kriterie for tilskot

- Drifta er organisert i eit eige lag, med
eit ansvarleg styre
- Laget fører rekneskap og skriv
årsmelding
- Laget driftar 10 lyspunkt eller meir

Send inn søknad og legg ved siste års
rekneskap/årsmelding til:

postmottak@gulen.kommune.no
innan **01.07.2015**.

Det må gå fram av årsmeldinga eller i
søknaden kor mange lyspunkt laget driftar.

Kulturoppgåver

På kulturområdet har Gulen kommune låg
kapasitet fram til hausten. Dette fører til at
tilskot til ålment kulturarbeid
(«kulturmidlane») vert fordelt i haust i
staden for i vår.

Hovudkontakt for kultursaker i sommar er
Espen Selvik, som elles er prosjektleiar for
Tusenårsstaden Gulatinget.

Nytt høgdegrunnlag i kommunen

Gulen kommune innførte eit nytt høgdegrunnlag NN2000 i kartdataa frå og med 26.05.2015. Kartdata som blir levert av kommunen etter denne dato vil ha andre høgdeverdiar (andre z-koordinatar) enn dei har i dagens NN1954 høgdesystem.

NN2000 er eit nytt felles nasjonalt høgdegrunnlag som omfattar alle kommunale og statlege kartdata. Skilnaden mellom gammal og ny høgdeverdi på same punkt vil vere inntil -12 cm innafor vår kommune.

Det vert ikkje endringar i grunnriss (x- og y-koordinatane) og endringa gjeld heller ikkje historiske eller analoge kart.

Skilnaden mellom NN1954 og NN2000

Sogn		Min-Max endring	Størst endring
		(meter)	(cm)
1411	Gulen	-0,12 -> -0,01	12
1412	Solund		
1413	Hyllestad	-0,09 -> -0,01	9
1416	Høyanger	-0,11 -> 0,10	11
1417	Vik	-0,08 -> 0,17	17
1418	Balestrand	-0,03 -> 0,11	11
1419	Leikanger	0,01 -> 0,08	8
1420	Sogndal	-0,09 -> 0,18	18
1421	Aurland	-0,08 -> 0,15	15
1422	Lærdal	-0,06 -> 0,19	19
1424	Årdal	-0,10 -> 0,12	12
1426	Luster	-0,07 -> 0,11	11

Kvifor nytt høgdesystem?

- Vi får eit einsarta homogent høgdesystem for heile landet, med kjent kvalitet
- Høgdesystemet stemmer med «marka»
- Referanseramma (fastmerka) må til ei kvar tid vere betre enn oppmålingsteknologien
- Nøyaktige 3D-data og data frå lasarskanning stiller store krav til høgdegrunnlaget
- Meir presis påvising av middelvassnivå er viktig for bygg og anleggsverksemd nær sjøen

Konsekvensar

Skilnaden mellom NN1954 og NN2000 vil i Sogn variere frå -12 til +19 cm. Endring av høgdereferanse kravde ei omrekning av alle høgdeberande data som gjeld offentlege etatar, planleggarar, arkitektar, entreprenørar og landmålarar som jobbar i og for Sognekommunane. Dei kommunale kartdatabasane som er tilgjengeleg for sal i Gulen kommune eller via Kartverket, fekk nye NN2000-høgder frå 26. mai 2015.

Det er viktig at brukarar av kommunen sine kartdata er merksame på denne overgangen og ikkje blandar gamle og nye data med ulik høgdereferanse.

Høgdene i ein GPS refererer seg til ellipsoiden. For å måle høgder i NN2000 må ein difor leggje inn ny geoidmodell/HREF-modell på måleboka, HREF2014C_NN2000_EUREF89

Entreprenørar, landmålingsfirma og andre som vil ha tilgang til den nye HREF-høgdereferansemodellen kan ta kontakt med Kartverket.

Les meir på www.kartverket.no

Nytt frå helsestasjonen

Minner om at Gulen helsestasjon har nye telefonnummer på kontoret:

Helsesøster Linda Hantveit:
57 78 20 86 / 414 64 116

Leiande helsesøster Hennie Lefdal:
57 78 20 85 / 979 75 760

Om vi ikkje svarar, prøv å nå oss på mobil. Om du fortsatt ikkje får kontakt, kan du sende ein SMS, så tek vi kontakt når vi er ledig.

Helsing Linda og Hennie



Informasjon om endringar i foreldrebetaling for barnehagebarn

Ingen husstand skal betale meir enn 6 % av inntekta si for ein plass i barnehagen frå 1. mai 2015. Dette skjer om husstanden søker kommunen om redusert foreldrebetaling.

Maksprisen er pr. 1. mai 2015 2 580 kroner pr. månad. Maksprisen vert fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Betaling for kost kjem i tillegg.

Ny nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga er vedteken i statsråd 17. april og gjeld frå 1. mai 2015. Ordninga er regulert i «Forskrift om foreldrebetaling i barnehager». Målet er å innføre ein betre sosial profil på foreldre-betaling i barnehagar, og leggje til rette for at alle skal kunne nytte seg av barnehage tilbudet ved å senke prisen for husstandar med låg inntekt.

Alle husstandar med husstandsinnkomst lågare enn 466 000 kroner kan søkje om redusert foreldrebetaling frå 1. mai 2015 og ut barnehageåret 2015/2016. Seinare må det søkjast for kvart barnehageår. Kommunen gjer så vedtak om betalingssatsar for familien. Månadsbetaling for første barn er 6 % av dokumentert årsinntekt for husstanden delt på 11 månader. Betaling for søsken vert rekna med utgangspunkt i dei kommunale satsane for søskenmoderasjon og utrekna månadssats for første barn.

Føresetnaden for redusert foreldrebetaling er altså at husstanden søker om det. Inntektsdokumentasjon er sjølvmelding for 2014. Foreldrebetalinga vert rekna ut frå husstanden sine samla skattepliktige kapital- og personinntekter.

Som husstand reknar ein ektefeller, registrerte partnarar og sambuarar. Som sambuarar reknar ein personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei 18 siste månadane, eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga reknast ut frå inntekta i husstanden der barnet er folkeregistrert. Reduserte inntekter samanlikna med 2014 må dokumenterast.

Søknadar kan sendast også i barnehageåret. Søknadane kan ikkje handsamast før kommunen har endra sine reglar for foreldrebetaling i barnehagar. Dette kan tidlegast skje i slutten av juni. For mykje innbetalt foreldrebetaling i mai og juni vil verte godskrive.

Send søknad til:
Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Ta kontakt med undertekte om de har spørsmål til saka.

Jan-Ove Einebærholm
Kommunalsjef oppvekst



Husvære til flyktningar

Gulen kommune ønskjer å kome i kontakt med personar som kunne tenke seg å leige ut husvære til flyktningar. Aktuelle husvære bør vere i gangavstand frå skule, barnehage og butikk. Me er interessert i både lange og korte leigeperiodar, eit døme kan vere å leige gjennom skuleåret 2015-16, slik at husværet er fristilt på sommaren.

Leigetakarane vil få tett oppfølging av flyktningkonsulent.

For ein uforpliktande samtale kan du ta kontakt med Eirik Høydal.

eirik.hoydal@gulen.kommune.no eller på telefon 57 01 63 36/ 975 45 685.

Manglande adresse til kommunen og NAV

Kommunen og NAV mottar mykje post med feil eller manglande adresse.

For å sikre at brevet ditt kjem fram, og i tide, er det særskild viktig at adresseinformasjon er rett. I tillegg lyt du hugse å føre på rett porto.

Rett adresse til kommunehuset og NAV er:

Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Ynskjer du å vere frivillig?



Gulen frivilligsentral treng deg som ynskjer å vere frivillig.

Har du litt tid du ynskjer bruke saman med andre?

Eg legg lite føringar for kva du skal bidra med. Det er viktig at du melder deg til ting du har lyst å jobbe med, og som vil gje deg noko positivt tilbake.

Har du interesseområder som born, eldre, lesing, synging, handarbeid, måling, gå tur, likar å prate, køyre båt/bil, data, dans, mat, sport, steike vaflar eller anna, blir eg glad for å høyre frå deg.

Kva kapasitet du har styrer du sjølv, om ein legg opp til enkelthendingar eller om ein ynskjer gjere noko kvar veke, alt er opp til den frivillige.

For at Gulen frivilligsentral skal kunne gje tilbod treng eg nokon som ynskjer å bidra. Om ein er usikker eller tenkjer at det er vanskeleg, vil ein få nødvendig støtte og opplæring om ein ynskjer det (spesielt aktuelt innan omsorg).

Det er heilt sikkert nokon som vil ha glede av ditt bidrag.

Er det noko du saknar som vi burde fått til? Ta kontakt og fortel kva du brenn for!

Vivian Våge, dagleg leiar Gulen frivilligsentral

vivian.vage@gulen.kommune.no
tlf. 57 78 20 66

Internasjonal kveld

Onsdag 27.05.2015 arrangerte Gulen frivilligsentral ein internasjonal kveld i Eivindvik. I alt vart 27 personar, og landa Nederland, Tyskland, Ukraina, Syria, Serbia og Noreg representerte.

Vi møttes i norsksenteret som er etablert ved Eivindvik skule, og saman laga vi mat frå egne heimland. Det var alt frå vestlandslefse med smør, sukker og kanel,

polsk salat, nederlandsk kyllingragu, tyske raspeballar og syrisk borak, grilla grønnsaker fylt med ris, norsk salat og fylte tortillalefser.

Vi fekk smake på mykje forskjellig. Det var god stemning, og tidvis høgt lydnivå på skulekjøkkenet.

Målet er å bli kjende på tvers av kulturar og slik styrke ein integreringsprosess. Dette var fyrste arrangementet i regi av frivilligsentralen, og det blir trekt erfaringar som ein tek med vidare i arbeidet.


Det er sendt invitasjon til lag i dei andre bygdene i kommunen for å få til liknande arrangement, og når ein ser kor kjekt dette vart håpar eg dei tek utfordringa.

Er det andre som ynskjer vere med å lage til liknande må de gjerne ta kontakt, Gulen frivilligsentral stiller og er med.



Vårteljing hjort

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Indre Oppedal Kringla	325	222	300	431	459	307	322	451	315	273	390
Takle Brekke Ynnesdal	152	60	110	153	237	288	382	295	277	183	377
Hantveit Austg Botnen	104	55	167	270	283	333	404	371	213	327	391
Breidvik Hjartholm	92	69	61	141	108	215	253	167	145	60	148
Eivindvik Nordg Brosvik	176	174	162	199	208	333	330	295	421	289	466
Brosvik Dingja	156	122	139	170	112	201	183	190	178	139	201
Leversund Høyvik	74	65	67	82	50	97	134	161	161	90	150
Sæternes Halsvik	299	229	329	356	182	348	206	154	216	124	178
Sandøy	60	71	86	153	129	166	134	138	221	138	142
Byrknesøy Mjømna	18	4	20	15	14	22	10	21	8	12	17
Hisarøy	37	11	34	17	45	36	26	21	28	28	25
Sum Talde dyr	1493	1082	1475	1987	1827	2346	2384	2264	2183	1663	2485



Diagrammet syner utviklinga i antal dyr frå vårteljing (vertikal linje) i årsperioden 2000 t.o.m. 2015 (horisontal linje).

Melding om arbeid på Brandangersundbrua

Fv. 4 ved Brandangersundbrua mellom Sløvåg og Byrknes vert stengt frå måndag til fredag mellom kl 07.00 og 19.00 på grunn av vedlikehaldsarbeid på brua. Arbeidet startar **måndag 8. juni kl 07.00** og gjeld til 31.08.15 kl 19.00.

Vegen blir stengt i periodar på 2 timer, for så å sleppe trafikken forbi i begge retningar. Det er ikkje omkøyning på staden.

Det vert opna for trafikk over brua til desse tidene:

kl. 08.30 – 10.30 – 12.30 – 14.30 – 16.30 – 18.30

Mellom kl 19.00 og kl 07.00 er det fri ferdsel.

Det vert teke omsyn til rutegående trafikk og utrykkingskøyretøy.

(Kilde: Statens vegvesen)

Sal av annonseplass

Gulen kommune ynskjer å selje annonseplass i den kommunale informasjonsavisa.

Pris kr 450,- for ¼ side, kr. 900,- pr. halvside, kr. 1 800,- pr. side.

Kommunen tek atterhald om å redigere innhald og eventuelt ikkje ta innspel med dersom det er plassmangel.

For annonseplass ta kontakt med ekspedisjonen tlf. 57 78 20 00, eller postmottak@gulen.kommune.no

Informasjon frå tannklinikken

Tannlegekontoret i Eivindvik/Harbakke er stengt i veke 30, 31, 32 og 33.

Ved behov for akutt hjelp ta kontakt med Hyllestad Tannklinikk (tlf. 57 78 86 22) eller Tannlegevakta i Bergen.

Susan Norman er tilsett som tannpleier ved Eivindvik Tannklinikk i 60% vikariat frå 01.07.2015.

Tausevika opna for sesongen

Med kaffi og kaker og hot-dog ynskte styret i Tausevika Vel velkommen til opning torsdag 28. mai.

Folk fekk god tid til å sjå seg om, før Susanne F. Larsen informerte om arbeidet som er gjort i vår, og takka alle som har jobba dugnad.

Mykje evje er grave bort frå vika, og mykje sand fylt på.

Grøfter og rør leier meir av vatnet bort frå sandstranda, og nye sitjegrupper og benkar vil gjere det meir koseleg for heile familien å besøkje vika.

Utanfor innløpet til vika, flyt òg den nye badeflåten.

Ein del unge vikingar prøvde badevatnet. Somme med våtdrakt og andre utan. Badetemperaturen låg på 8-10 grader. Dei tøffaste svømte heilt ut til badeflåten.

Alt ligg til rette for at Tausevika blir ein flott samlingsplass, og ein viktig arena for dei som skal lære seg å symje eller å bli flinkare til det.





Retting av listeforslag ved kommunestyrevalet 2015

I samband med kunngjøring av listeforslag til kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015 var det dessverre feil liste frå Kristeleg folkeparti som vart publisert.

Feilen er no retta og nedanfor ser de rett liste.

Kristeleg folkeparti

1	Ingolf Wergeland	Svanholmvegen 29	5970	Byrknesøy
2	Bente Hauge	Sognefjordvegen 883	5961	Brekke
3	Astrid K Dyregrov	Gulafjordvegen 2294	5966	Eivindvik
4	Jan Henrik Leknes	Haveland 3	5966	Eivindvik
5	Marianne Oppedal	Indre Oppedal 15	5961	Brekke
6	Olga Grygoryeva	Kjelbjuvegen 46	5960	Dalsøyra
7	John Reidulf Vatnøy	Hille 4	5970	Byrknesøy
8	Elise Molde	Kyrkjeneset 3	5966	Eivindvik
9	Espen Selvik	Engesetvegen 2	5961	Brekke
10	Monica Skjelanger Reknes	Sognefjordvegen 1100	5961	Brekke
11	Halvor L. Brosvik	Dingevegen 293	5966	Eivindvik
12	Harald Haveland	Haveland 29	5966	Eivindvik
13	Malin Hjartholm	Sognefjordvegen 883	5961	Brekke
14	Anne Britt Molde	Øvre Stølen 63	5966	Eivindvik
15	Arnor Gullanger	Kjelbjuvegen 46	5960	Dalsøyra
16	Silje Nesbø	Husevatnet 16	5961	Brekke

Årsmelding 2014

Til slutt vil vi oppmode alle om å lese årsmelding 2014 for Gulen kommune. Årsmeldinga skal godkjennast av kommunestyret 18.06.2015 og den ligg vedlagt i Infoposten samt på kommunen si heimeside.

God sommar!

